

Velkommen til

RONG

SFO

Årsplan

2021/2022

Kjære foreldre/føresette,

Hjarteleg velkomen til Rong SFO!

Vi gleder oss til å byrja eit nytt skuleår! Vi er klare for nye utfordringar og vi håper at barna vil trives og ha det kjekt hos oss.

Vi håper at vår nye første klasse vil finne seg til rette og lære seg våre rutinar lett med hjelp frå alle oss vaksne. Det kan vere litt vanskeleg i starten – mange nye ting ein skal bli vant til og mange vaksne som barna må gjere seg kjend med. Difor er det viktig at det vert et godt samarbeid mellom oss som jobbar på SFO og dykk føresette.

Vi byrjar dette skuleåret på grønt nivå, etter trafikklysmodellen. Det betyr at heile klassar kan vere samla, og at alle elevane skal få eit fulltidstilbod på skulen/SFO med ordinære skuledagar. Det skal vere trygt for barn å gå på skulen. Hugs at barn med milde luftveissymptomer skal haldas heime inntil tilstanden er avklart. Alle som jobbar på SFO skal sørge for at barna har det bra.

Denne hausten får vi ny nasjonal rammeplan for SFO. Vi skal ta den i bruk i løpet av hausten.

Det finnes ulike oppholdstyper i kommunen: full plass (frå 07.00 til 16.30/17.00), berre morgenopphold og berre ettermiddagsopphold til kl. 15.30/16.30/17.00.

I denne årsplanen finn de viktig informasjon. Ta godt vare på denne planen, den kan vere til nytte i løpet av skuleåret.

Vi set pris på at de tar kontakt med oss dersom de lurer på noko.

Eg ser frem til å tilbringe dette skuleåret saman med dykk.

Mvh,

Jelena Savic

SFO-leiar, Rong skule

Innhold

- Definisjon s. 4
- Mål og metodar s. 4
- Aktivitetar s. 5
- Organisering s. 6
- Personale s. 6
- Dagsrytme s. 7
- Måltid s. 8
- Ordensreglar s. 8
- Praktisk informasjon s. 9
- Foreldresamarbeid s. 10
- Årshjul s. 11
- Brukarbetaling s. 12

KVA ER SFO?

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter den obligatoriske skuletida for alle elevane på 1.-4.trinn. Barn på 5.-7.trinn med særskilde behov, kan også søkja plass i skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga skal leggje til rette for leik, sosial læring, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Vidare skal skulefritidsordninga gje barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilde behov skal gjevast gode vilkår for utvikling. Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga vert driven etter § 13.7 i Opplæringslova.

(frå Vedtekter for skulefritidsordninga i Øygarden kommune pr.29.04.21)

MAL OG METODAR

Rong skule og Rong SFO har ein fellesvisjon – vi legg stor vekt på at elevane skal trivast og glede seg til kvar skuledag. Her er vi saman om å skapa eit godt læringsmiljø der alle er motiverte til å bidra til aktiv læring.

På Rong SFO skal barna få god omsorg og eit godt og trygt miljø for utvikling gjennom **leik, venskap og læring**. Rong SFO er ein arena der barna kan byggje sosialkompetanse ved hjelp av fri leik og strukturerte aktivitetar. Kontakt med andre barn og vaksne er eit avgjerande verkemiddel for å utvikle **sosiale ferdigheter**. Gjennom leik og ulike aktivitetar lærer dei å gje uttrykk for sin **individualitet** og samtidig å ha **respekt** for andre. Dei lærer at folk er forskjellige og at vi må anerkjenne dette. Barna vert klar over sin plass i ei gruppe/eit samfunn samt at dei lærer reiskapar for **sosialt samspel**. Dei lærer også korleis dei skal virke i fellesskap og løyse problem. Dei tileignar seg ferdigheter til å **kommunisere** sine tankar, ynskjer og meningar. Dei lærer seg **verdiar, toleranse, reglar og samarbeid**. I SFO kvardagen skal vi hjelpe barna beherske sosiale ferdigheter. Vi vil at dei skal oppnå meistring og for å gjere dette må dei føle seg trygge og trivast.

Dei vaksne på Rong SFO skal vere opptatt av å gje barna omsorg og lytte til det dei måtte ha på hjartet. Dei skal vere tydelege, omgjengelege og konsekvente slik at alle barna kan føle seg trygge og velkomne. Dei skal bidra til læring gjennom organiserte aktivitetar ved sine ulike eigenskapar og kunnskap. Dei skal stimulere barna til å utvikle seg. Dei skal leggje til rette for leik og delta når barna ynskjer det. Dei skal vere observante og hjelpe barna til å ordne konfliktar når dei ikkje klarer det sjølv. Dei skal ha respekt for barna sin individualitet og hjelpe barna til å føle seg verdsatt. **Det skal vera gjensidig respekt mellom barna og dei vaksne.**

Skulen sine reglar og grensar gjeld også i SFO tiden.

AKTIVITETAR

For at SFO-tida skal oppfattas som fritid må barna få valfridom og mogelegheit til medverknad. Difor brukar vi mykje tid på **frileik**. Dette betyr at barna sjølv kan velja kva dei skal gjere av eigen fri vilje og lyst. Det er når dei sjølve tar kontroll og initiativ at leiken blir inspirerande og gledefylt. I tillegg øver dei på sosial åtferd, samarbeid og dei utviklar sjølvstilling og individualitet. Vi synast det er fint at barna også har høve til frileik etter ein lang skuledag. SFO skal gje tid til **avslapping** og **ro** etter skuletid.



Vårt uteområde byr på mange alternativ. Som ofta liker dei å køyra sparkesykkel, spele fotball, springe, disse, klatre og finna på ulike leiker. Dei fleste er glad i å ha det gøy med zipline, sklie og taubanen. Leik og idrett i ulike former bidrar til **motorisk trening**.



Vi skal ha **fysisk aktivitet** i vår gymsal. Vi legg opp koordinasjonstrening, balanse, trening på grovmotorikk og diverse sport. Det er viktig at barna har gymsko tilgjengeleg heile tida i SFO. Dette fordi sport og leik i gymsal vert gjennomført både spontant og planlagt.

Vi på Rong SFO meiner at det er viktig at barna får oppleve **naturen**. Difor går vi på tur i nærområdet. Dette gjev **uthald, kunnskap** og hjelper til å **byggje felleskap** blant barna og mellom barna og vaksne. **Tysdager** vert det «**Utegruppe**» med Ørjan og ein voksen til.



Vi går på tur, lager mat og koser oss. Når det vert kaldere ute, bruker vi bålpannen og vi et grillmat. I naturen ser vi på smådyr, fugler, planter m.m. Vi går på tur rett etter skuleslutt.

På fredager har vi «**Fredagsgrupper**». Då er barna frå alle klassane delt i fleire grupper og dei er med på ulike aktivitetar. «**Kjøken-gruppe**» øver på praktiske ferdigheter. Barna lager mat – betasuppe, grønnsaker med dipp, fruktsalat og liknande. I «**Drama**» utviklar dei fantasien og vert kjend med sine eigne talent. Barna les eventyr, snakker om karakterene i historien, og har eit kort skodespel. I «**Forming**» øver dei på finmotorikk og kreativitet ved å sy, teikne, male, lage ulike gjenstandar frå ulike materiell. I «**Musikk/Leik**» øver dei på ulike ferdigheter og har det gøy. Vi har ofte ulike **konkurranser**. I **sløyd** lager vi ulike gjenstander og øver på finmotorikk. Vi har også Kahoot quiz. I tillegg til desse aktivitetane har vi iblant **Bingo** med kjekke premier.



Vi gjer merksam på at alle faste aktivitetsplanar kan endrast undervegs med omsyn til ynskjer, tilhøve og dynamikk.



Dei mest populære inneaktivitetane er å leike med klossar, teikne, fargeleggje, leike butikk, familie, pusle, spele spel og ulike formingsaktivitetar som er valt etter kva avdelinga legg opp til og kva barna ynskjer.

Regelleik er veldig viktig i barnas utvikling. De lærer seg evne til å vente på tur, å tåle å tape, forstå reglar o.l. Her legg vi til rette for kortspel og brettspel. Det er også lov å kjede seg av og til

på SFO. Då utvikler barn fantasi og kreativitet. Vi vil ikkje aktivisere barna heile tida, men leggje til rette for at dei skal finne på ting sjølv.

På Rong SFO markerer vi jul ved å tenne adventslys. Vi lager peparkaker, kakemenn og julepynt. Vi synger julesanger og koser oss med julestemning. Til påske lager vi påskepynt. Vi markerer også morsdag og farsdag og liknande merkedagar.

Av og til har vi **kino** på SFO, og då koser oss med popcorn. Vi tar omsyn til aldersgrensen på filmen.



ORGANISERING

Dette skuleåret er vi delt på to avdelingar. Første og andre klasse er saman i 2.klasse sitt klasserom, og tredje og fjerde klasse er på kjøkenet. Morgan-SFO held til på kjøkenet. 1. og 2.klasse vert på SFO-bygget både i skule- og SFO-tiden, mens 3. og 4.klasse kjem frå hovudbygget etter skuleslutt.

PERSONALET

Rektor har det overordna administrative, pedagogiske, personalmessige og økonomiske ansvaret for skulefritidsordninga.

Rektor : Ingunn Bente Lie

Tlf: 55 09 79 82

E-post: ingle@oygarden.kommune.no

Dagleg leiar har ansvaret for den daglige driften av SFO.

SFO-leiar: Jelena Savic

Tlf: 992 16 103

E-post: jelsav@oygarden.kommune.no

Fagarbeidrarar og assistenter: Nina Didriksen, Tarjei Kahrs, Ørjan Knutsen, Katrine Hop Rong, Caroline Augestad, Lisbeth Arnesen og Anne Oen.

Personalet har fast møtetid tysdagar frå kl. 10.00 til 11.00. Vi bruker denne tida for å utveksle informasjon, drøfte ulike saker, planlegge aktivitetar og halda oss oppdatert om barna. I tillegg til

dette møtet deler SFO personalet arbeidsrom med lærarane, samt møte med lærarane, noko som gjer at det vert endå tettare samarbeid mellom skule og SFO.

Til hausten får vi ein lærling på SFO – Andrea Toft Ledang.

Vi vil også kunne få personer fra NAV på språkpraksis.

Alle som jobbar på SFO har levert inn politiattest og har teieplikt.

RONG SFO DAGSRYTME

Kl.	SKULETID				
	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
07.00	Morgon-SFO opnar. Barna samlas på SFO kjøkenet. Tid til roleg leik.				
07.45	Frukost				
08.15	Utetid				
12.30/12.45					
14.00	Oppstart og opprop. Måltid. Aktivitetar inne/ute. Tysdag er fast turdag. Vi går ut etter skuleslutt. Vi er tilbake seinast kl. 15.30.	Oppstart og opprop. Måltid. Aktivitetar inne/ute. Tysdag er fast turdag. Vi går ut etter skuleslutt. Vi er tilbake seinast kl. 15.30.	Oppstart og opprop. Måltid. Aktivitetar inne/ute. Tysdag er fast turdag. Vi går ut etter skuleslutt. Vi er tilbake seinast kl. 15.30.	Oppstart og opprop. Aktivitetar inne/ute. Tysdag er fast turdag. Vi går ut etter skuleslutt. Vi er tilbake seinast kl. 15.30.	Oppstart og opprop. Fredag er «Fredagsgruppedag». «Fredagsgrupper» er blanda grupper frå alle klassane. Vi har dramagruppe, kjøkengruppe, formingsgruppe og musikk/leik-gruppe. Måltid kl.13.30. «Fredagsgrupper» byrjar kl. 14.00 og sluttar kl. 15.00.
15.30	Barn som er påmeldt til 15.30 går heim/vert henta.				
16.30	Barn som er påmeldt til 16.30 går heim/vert henta.				
17.00	SFO stenger.				

Dersom barnet ikkje kjem til påmeldt tid, må vi få beskjed på SFO mobil 992 16 103.



MALTID

Barna må ha med seg mat til morgen-SFO og til ettermiddag-SFO. Det er lurt å ha ein matboks til skule og ein til SFO. Dei må også ha drikkeflaske om dei skal ha vatn. På SFO får dei mjølk og eple- eller appelsinjuice.

Før vi et, vaskar vi hendene. Når vi et, har vi matro. Vi prater med barna om aktuelle saker og hendingar og dersom mogeleg, ser vi på nrkSuper.

Tysdager vert det servert varm mat – graut, pizza, lapskaus, spaghetti, tomatsuppe m.m.

Det er lov å eta nudlar berre på fredagar. Dette fordi vi ser av erfaring at barna ikkje et dei, og dei blir ikkje mett av nudlar. Dessutan vert mykje kasta i bosset.

Siden det vert laga mat på tysdag og på «Fredagsgrupper» så vert det ofte varm mat på SFO.



ORDENSREGLAR

På Rong SFO er vi opptatt av å halda nokre faste rutinar. Dette bidrar til tryggleik og forutsigbarheit. Difor er det svært viktig at alle vaksne er konsekvente når det gjeld utføring av desse reglane, både for oss som er på SFO og føresette.

- ✓ Vi helsar på vaksne når vi kjem om morgonen.
- ✓ Vi gir beskjed til ein voksen når vi vert henta og vi seier "Ha det. Takk for i dag".
- ✓ Vi er snille mot andre.
- ✓ Vi lyttar til andre.
- ✓ Vi hjelper andre.
- ✓ Kvar elev er ansvarlig for det han/ho gjer.
- ✓ Dersom det oppstår eit problem, gir vi beskjed til ein voksen.
- ✓ Vi vaskar hendene før maten.
- ✓ Når vi et, har vi matro.
- ✓ Vi ryddar etter maten.
- ✓ Når vi leiker, inkluderer vi andre.
- ✓ Vi deler på leikane.
- ✓ Vi ryddar leikar.
- ✓ Vi tar godt vare på inventar.
- ✓ Vi spring ikkje i gangane.
- ✓ Vi ryddar plassane våre.



PRAKTIISK INFORMASJON

- SFO er ope frå 07.00 til 17.00.
- Barnet kan meldas på: a) berre morgenophold
b) berre ettermiddagsophold til 15.30/16.30/17.00
c) full plass frå 07.00 til 15.30/16.30 /17.00
- Det vert krevd foreldrebetaling for 10 terminar per år. Utanom dette vert det krevd ekstra betaling for opphold i skulen sine ferie- og fridagar, og for tilfeldig dagsophold.
- Dersom barna vert henta for seint i SFO (gjeld både opphold til kl. 15.30, 16.30 og kl. 17), må foreldra betala ei avgift for kvar påbegynte halvtime.
- Det er mogeleg å seie opp/endre plassen i løpet av skuleåret. Da vert det ein månads skriftleg oppseilingstid. **Dersom plassen til eit barn vert sagt opp eller endra i skuleåret, er det 1 månad skriftleg oppseilingstid, gjeldande frå den 15. i kvar månad.** For eksempel, dersom oppseilinga vert meldt 8.oktober, så gjeld den frå 15.oktober og det må betalast til og med 15.november. Dersom plassen vert sagt opp 20.oktober, så gjeld oppseilinga frå 15.november og då må det betalast til og med 15.desember. Det er altså viktig å seie opp plassen før 15. i månaden, om man skal gjere det.
- Ved oppseiling eller endring av plass **etter 15.april**, må ein betale for SFO-plassen ut skuleåret.
- **Barna skal ha 4 veker ferie, minimum 3 veker samanhengande i tida 15.juni-15.august. Den 4.veka kan avviklast samanhengande i sommar-, haust- eller vinterferie.**

(frå Vedtekter)

Vi oppmodar alle til å lese meir på vår nettside.

- **Barna skal verta henta på avdelinga.** (Vi ønskjer ikkje telefoner om å sende dem ut. SFO-personalet kan ikkje «forlate» avdelinga for å følgja barnet til porten eller gå rundt skulen for å gje beskjed til ein anna avdeling om at nokon skal heim. Vi gjer merksam på at vi har kun ein SFO mobil.)
- Gje beskjed til personalet når du hentar barnet ditt.
- **Dersom andre skal hente, må vi ha skriftleg beskjed (SMS) på førehand** til SFO-mobil: 992 16 103
- **Dersom barnet ditt skal heim med andre barn, må vi ha skriftleg beskjed på førehand** via SFO-mobilen.
- Gje beskjed på SFO mobil **dersom barnet ikke kjem til påmeldt dag.**
- Faste avtalar om at barn skal gå heim/ta buss må være skriftlig (SMS eller E-post).
- Hugs å ha dette tilgjengeleg kvar dag på SFO:
 - Byteklede (Dette må etterstøt og fyllast på ved behov)
 - Klede etter veret
 - Støvlar / Kjeledress / Varme klede om vinteren
 - **Namn i alle klede**
- Det er foreldra / føresette sitt ansvar å **rydda i garderoben** og i hyllene og ta med kleda som må vaskast eller som er ubrukeleg.



- Påmelding til SFO i feriane skjer på eige skjema de finn elektronisk på kommunen si nettside. **Påmeldinga er bindande.**
- All påmelding til **ferie SFO** har faste tidsfristar – 4 veker før haust- og vinterferie og 15.april for sommar-SFO. Det er viktig at alle overheld fristen for då får barnet garantert plass. Ved påmelding etter fristen får dei plass dersom det vert nok bemanning.
- **Endring og oppseiing av plass** skjer **elektronisk** via Øygarden kommune si heimeside. Det er 1 månad skriftleg oppseiingstid, gjeldande frå den 15. i kvar månad.
- Dersom barnet gjentekende gangar vert henta for seint, vil det bli gjeven ei åtvaring. Fortset problemet, må foreldra betala ei avgift for kvar påbyrja halvtime.
- Vi ynskjer at barna skal trives og ha det trygt hjå oss. Ta kontakt dersom det skulle vere noko.

FORELDRESAMARBEID

For at alle skal trives på Rong SFO er det viktig at det vert et godt samarbeid mellom oss som jobbar på SFO og foreldre/føresette.

SU er SFO sitt styre. Skulens samarbeidsutvalet handsamer saker som lokale vedtekter, årsplan, skulerute, forbetring av uteområde m.m.

Kvar haust får alle føresette **Avtaleskjema** som inneholder viktig informasjon om barna. Det er viktig at vi får skjemaet så fort som mogeleg. Dersom det vert nokon endringar (f.eks. med allergiar, sjukdommar) må de helda oss oppdatert.

For 1.trinn vert det **foreldremøte** same dag når dei har klasseforeldremøte. Dette er eit flott høve for at alle vert kjent med kvarandre og for at vi får meir informasjon om barna dykkar. Ved behov, så kan det avtalast foreldremøte med dei andre klassane. Vi må få beskjed frå dykk om de ønskjer dette.

Vi vil gjerne ha **tilbakemeldingar** om korleis barna har det hos oss, både positive og negative kommentarar. Vi set stor pris om de gjer beskjed når de leverar / hentar barnet.

På internett **heimesida rong.skule.no** vert det lagt ut informasjon og planar, samt bilete av barna.

Hugs å **gje beskjed** når barnet ikkje kjem til påmeldt dag, eller når andre skal hente.

Alle barna må **hentast på avdelinga**. Vi ønskjer ikkje telefoner om at vi skal sende barnet til parkeringsplass for at føresette skal sleppe å gå ut av bilen.

Dersom det vert **store endringar** i barnet sitt liv, vil vi gjerne få beskjed om det. Dette fordi personalet skal forhold seg på eit tilpassa vis til barnet.

Dersom de lurer på noko eller vil gje ein kommentar, **ta kontakt** på SFO mobil **992 16 103** eller per e-post: jelsav@oygarden.kommune.no



ÅRSHJUL

Her finn de oversikt over viktige datoar som gjeld SFO i 2021–22.

Merk at SFO er stengt på skulen sine planleggingsdagar.

SFO er ope på alle skulen sine ferie og fridagar med unntak av følgjande dagar før helgedagar:
julaftan, nyttårsaftan og onsdag før skjærtorsdag.

August	16.8. SFO oppstart
September	Bindande påmelding til haustferie.
Oktober	Haustferie 11.10.–15.10.
November	5.11. Planleggingsdag SFO stengd
Desember	Juleferie 20.12.–31.12. SFO stengd
Januar	1.1. 1. nyttårsdag SFO stengd 3.1. Planleggingsdag SFO stengd
Februar	Bindande påmelding til vinterferie
Mars	Vinterferie 28.02.–04.03. Påskeferie 29.3.–5.4. SFO stengd
April	Påskeferie 11.4.–18.4. SFO stengd
Mai	17.5. Grunnlovsdag SFO stengd 26.5. Kristihimmelfartsdag SFO stengd 27.5. Planleggingsdag SFO stengd
Juni	06.06. 2.pinsedag SFO stengd 23.6. første dag på sommar-SFO
Juli	SFO stengd

Betaling for SFO-plass

Prisar per månad for SFO-plass

Type plass	Antall timer	Ophaldstid	2021
Heil plass (gjeld berre Rong og Tjeldstø)	5	Kl 07.00-17.00	3 020
Ordinær heil plass	4,5	Kl 07.00-16.30	2 720
Redusert plass	3,5	Kl 07.00-15.30	2 115
Etter skuletid (gjeld berre Rong, Toftøy og Tjeldstø)	3,5	Til kl 17.00	2 115
Etter skuletid	3	Til kl 16.30	1 840
Etter skuletid	2,5	Til kl 15.30	1 540
Morgenophald	1,5	Kl 07.00 til skulestart	915
Kriseplass (per veke)			770
Dagplass			320
Enkelttimar			82
For sein henting, per påbegynte halvtime			275
Ferie-SFO			895

Søskenmoderasjon

- Barn nr 2 - 30 %
- Barn nr 3 og oppover - 50 %

NB! Gratisplass for barn med særskilte behov i 5. – 7. trinn, gir ikkje søskenmoderasjon for yngre søsken.

